

Ein god salsdag for Harald Sætre

21.11.2015



Harald Sætre signerte bøker på Husnes og i Rosendal denne helga.

Harald Sætre er kjend for interessa si og bøkene sine om rutebåtar, ferjer og samferdsle i Hordaland. No er han ute med boka Fram og tilbake til by'n – om HSD, langruter, lokalruter, båtar og stoppestader. Fredag og laurdag møtte vi Sætre i Kvinnherad der han signerte bøker og la eit grunnlag for eit godt sal i tida fram mot jul.

Uskedalen var ein sentral stoppestad og knutepunkt for Stavangeruta og Hardangerruta. Bygda er også omtala i den delen som er skriven om Kvinnheradruta. Mange minnest båtane «Kvinnherad», «Eidfjord» og ikkje minst «Halsnøy» i denne ruta. I boka finn vi bilete både frå DS kaiane Uskedal (Beinavikjo) og Myklebust (Sanden).

Harald Sætre er invitert til møte i Uskedal utvikling onsdag 2. desember. Her vil fortelja og syna bilete frå den lokale rutefarten i HSD sitt ruteområde.

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland